


# Språkrådets terminologiteneste

*Riktige termar gir godt fagspråk*



## Om terminologitenesta


Terminologitenesta har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Tenesta samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Ho skal på arbeidsområdet sitt

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

(etter St.meld. nr. 35 (2007–2008) «Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk»)

## Kva er terminologi og fagspråk?

*Fagspråk* er språk om spesialisert kunnskap. Effektiv fagkommunikasjon krev at omgrep har ein eintydig definisjon og ei dekkjande språkleg nemning – ein term. *Terminologi* er nemninga både på eit sett termar og på læra om korleis eit slikt sett blir systematisert og utarbeidd.



## Kvifor er arbeid med terminologi og fagspråk viktig?

- Presis terminologi er ein føresetnad for god fagkommunikasjon og formidling av spesialisert kunnskap.
- Terminologiutvikling er naudsynt for å halde ved lag godt fagspråk.
- Tilgang til terminologi og fagspråk på norsk, både bokmål og nynorsk, gjer det lettare å lære og forstå fag.
- Fagspråk er ei viktig kjelde til nye ord i allmennspråket.
- Fagspråk som blir halde ved like, er naudsynt for å styrkje norsk språk og hindre domenetap.
- God terminologi er kjernen i alle standardar.
- Fagspråk på norsk medverkar til tryggleik og lønsemd.
- Ein kulturnasjon må ta seg råd til å ha eit godt utvikla fagspråk på alle område.



## Kva kan terminologitenesta tilby deg?

- Hjelp til å komme i gang med terminologiprojekt
- Innføring i praktisk terminologiarbeid
- Eit termregistreringsverktøy
- Råd og rettleiing i samband med terminologiprojekt
- Svar på spørsmål om terminologi og fagspråk
- Formidling av kontakt med fag- og forskingsmiljø
- Informasjon om
  - utdanningstilbod, kurs og arrangement på området
  - tilgjengelege terminologiresursar og -verktøy og andre aktuelle hjelpemiddel
  - pågåande prosjekt og forskning
  - relevante nettverk, i Noreg og i utlandet

Terminologitenesta er ein del av Språkrådet og har tre rådgjevarar i full stilling. Ho har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi.

Terminologitenesta kan kontaktast på [term@sprakradet.no](mailto:term@sprakradet.no).

[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

Under temaet *Terminologi og fagspråk* på nettsidene kan du lese om Språkrådets arbeid på området, om terminologitenesta og om fagrådet for terminologi og fagspråk.

Du finn òg anna nyttig lesestoff og opplysningar om relevante miljø og tilgjengelege ressursar.

## Språkrådet

Postboks 8107 Dep

0032 OSLO

Telefon: 22 54 19 50

E-post: [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)

Framsdebilete: © iStockphoto

Utforming: Tank Design

Trykk: RK Grafisk

Opplag: 800 (2010)